



**VERTSKOMMUNEAVTALE  
OM  
VOSS INTERKOMMUNALE LEGEVAKT**

**Revidert utgåve gjeldande frå 1.1.2020**

**1. Vertskommunesamarbeidet**

**1.1. Samarbeidsform**

Deltakarkommunane inngår i eit administrativt vertskommunesamarbeid om interkommunal legevakt etter kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Kommunelova sine føresegner i kapittel 20 gjeld så langt dei passar for administrativt vertskommunesamarbeid.

**1.2. Vertskommune**

Voss herad er vertskommune for samarbeidet og har organisasjonsnummer 960 510 542.

**1.3. Samarbeidskommunar**

Vaksdal kommune, organisasjonsnummer: 961 821 967

Ulvik herad, organisasjonsnummer: 971 159 928

Eidfjord kommune, organisasjonsnummer: 944 227 121

Kvam herad, organisasjonsnummer 944 233 199

**1.4. Lokalisering**

Den interkommunale legevaka er lokalisert i Voss sjukehus, samlokalisert med akuttmottaket ved sjukehuset. Sjå samarbeidsavtale med Voss sjukehus (Vedlegg A)

**1.5 Legevakt i nettverk**

Voss interkommunale legevakt inngår i Hardanger og Voss legevaktdistrikt.

Legevaktdistriket består av kommunane i Odda og Voss lokalsjukehusområde. Målet med nettverket er å styrka det faglege innhaldet i legevakttenesta til kommunane

Legevaktdistriket har tre legevaktstasjonar og tre legevaktcentralar. Desse er lokaliserte i Odda, på Voss og Norheimsund. Kvar av dei tre legevaktstasjonane skal ha sin eigen administrative leiar og sin eigen medisinsk fagleg ansvarlege lege.

Alle kommunane i legevaktdistriket har gått saman om ein felles legevaktsjef.

Legevaktsjefen si viktigaste oppgåve er medisinsk fagleg utvikling og koordinering på tvers av dei tre legevaktstasjonane. Legevaktsjefen leiar blant anna fagrådet for legevaktdistriket; sjå stillingsbeskriving til legevaktsjefen (vedlegg B)

Kommunane Voss, Vaksdal, Eidfjord og Ulvik har med denne avtalen inngått eit interkommunalt samarbeid om felles legevakttenester med base på Voss. Voss herad er vertskommune for samarbeidet. Kvam herad har sin eigen legevaktstasjon og legevaktcentral på dagtid, men deltar i dette interkommunale samarbeidet på natt, sjå punkt 6 under.



Nye Ullensvang kommune har sin legevakt med base i Odda sjukehus. Det føreligg ein eigen avtale mellom Nye Ullensvang kommune og Helse Fonna om dette. Denne avtalen er samarbeidskommunane i Voss interkommunale legevakt uvedkommande.

Kostnadane med legevaksjefen si løn og anna godtgjersle (pensjon, arbeidsgjevaravgift m.v.) samt reisebudsjett, vert fordelt mellom kommunane i denne avtalen og nye Ullensvang kommune, i tråd med same prinsipp som ein finn i denne avtalen punkt 16.

## **2. Føremål og rettsleg grunnlag**

Voss interkommunale legevakt skal dekkja ansvaret kommunane har etter kommunelova av 21.juni 2019. Lov av 24.juni 2011 nr 30 om helse- og omsorgstenester § 3-2 (1) nr 3 bokstav 2, med tilhøyrande føresegner i forskrift av 20.03.2015 nr. 231; Akuttforskrifta. Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i kommunelova § 20-2. Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i kommunelova § 20-4.

## **3. Samarbeidsavtalen si gyldigheit**

- 3.1 Den reviderte samarbeidsavtalen gjeld frå 1.1.2020.
- 3.2. Vertskommunesamarbeidet føreset at kommunestyra i alle deltagarkommunane har vedteke avtalen og at rådmann i samarbeidskommunane har delegert ansvar og mynde til rådmannen i vertskommunen.

## **4. Delegasjon av mynde**

- 4.1. Kommunestyret i samarbeidskommunane instruerer eigen rådmann om å delegera ansvar for å utføra oppgåver og mynde til å treffa avgjerdslag i einskildsaker og i saker som ikkje er av prinsipiell betydning innanfor ansvarsområdet fastsett under pkt. 5, jf. kommunelova § 20-2 annet ledd.
- 4.2. Vertskommunen pliktar å gje melding til Fylkesmannen når revisjon av vertskommunesamarbeidet er effektuert.

## **5. Ansvarsområde, mynde og pliktar for vertskommunen**

- 5.1. Vertskommunen skal ivareta samarbeidskommunane sitt ansvar for kommunal legevaktordning jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- 5.2. Rådmannen i vertskommunen er gitt deltagarkommunane sitt ansvar og mynde for tenestene ved Voss interkommunale legevakt, jf. kommunelova § 20-2 annet ledd.
- 5.3. Vertskommunen v/rådmannen er delegert instruksjonsmynde i høve legar som deltek i utføringa av oppgåver knytt til legevaktordninga.
- 5.4. Vertskommunen har mynde til å inngå og eventuelt revidera avtalen med Helse Bergen HF om lokale, støttepersonell og bistand frå sjukehuslege. For vesentlege endringar gjeld likevel avtalen sitt punkt 17.2 .

## **6. Den interkommunale legevakta sine tenestetider**

- 6.1. Vertskommunen har ansvar for tenester ved Voss interkommunale legevakt innanfor følgjande rammer:

For Voss, Vaksdal, Ulvik og Eidfjord kommunar:

- Open interkommunal legevakt kvardagar frå 16.00 – 08.00.



- Døgnopen interkommunal legevakt laurdag/søndag/heilagdagar.
- Medisinsk akuttberedskap.
- Medisinsk naudmeldeteneste og open legevaktstelefon – 24 timer.

#### 6.2. For Kvam herad:

- Open interkommunal legevakt kvar dag frå kl. 23.00 – 08.00.
- Legevaktsentral kvardagar frå kl. 23:00 – 08:30, alle andre dagar frå kl. 23:00 – 08:00.

### 7. Krav til tenesta

7.1. Vertskommunen har ansvaret for at Voss interkommunale legevakt yter forsvarleg helsehjelp.

7.2. Vertskommunen skal syta for at organisering av tenestene etter avtalen tek i vare krav i lov, forskrift og anna regelverk.

7.3. Legane i distriktet skal som hovudregel ikkje ha vakt oftare enn kvart 10. døgn.

7.4. Journalnotat skal overførast til pasientane sine fastlegar, samt i naudsynt utstrekning overførast til omsorgstenesta i kommunane. Journalnotata skal handsamast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og reglar for pasientopplysningar.

7.5. Det er ei felles elektronisk handbok med prosedyrar for heile Hardanger og Voss legevaktdistrikt som skal bidra til å sikra god internkontroll.

7.6. Vertskommunen skal vidare:

7.6.1. Ha driftsansvaret for den interkommunale legevakta.

7.6.2. Stilla til disposisjon naudsynte støttefunksjonar for drift av den interkommunale legevakta.

7.6.3. Organisera kunde- og publikumskontakt for alle kommunar i høve dei oppgåver som er lagt til vertskommunen, inkludert rettleiing, utarbeida relevant informasjonsmateriale m.m.

### 8. Arbeidsgjevaransvar

Vertskommunen har driftsansvaret for den interkommunale legevakta, og tek i vare arbeidsgjevaransvaret for tilsette i den interkommunale legevakta. Den interkommunale legevakta inngår i Voss kommune si driftsorganisasjon, og tilsetjingar i Voss interkommunale legevakt skjer av det organ og etter dei retningslinjer som gjeld for vertskommunen.

### 9. Ansvar for legar som deltek i legevaktordninga

9.1. Vertskommunen har ansvar og mynde i forhold til legar som deltek i legevakttenesta når det gjeld fagleg utøving av tenesta, jfr. helse- og omsorgstenestelova § 3-2, med føresegner.

9.2. Partane har sjølv arbeidsgjevaransvaret for eigne tilsette legar, inkludert eksterne vikarar som dekker vakter for den einskilde kommune.

9.3. Søknad om fritak frå den interkommunale legevaktordninga frå den einskilde lege skal leggjast fram for medisinsk fagleg ansvarleg for legevakta til utsegn, før den aktuelle deltakarkommunen handsamar søknaden.



### **10. Budsjett og rekneskap**

Vertskommunen har ansvaret for utarbeiding og oppfylging av budsjett, rekneskap, rapporteringar, søknadar m.m. for Voss interkommunale legevakt.

### **11. Samarbeidsforum**

11.1. Vertskommunen har ansvar for å organisera eit årleg samarbeidsmøte for deltakarkommunane der faglege og administrative forhold, inklusiv økonomi og budsjett, vert drøfta. Kvar deltakarkommune kan stilla med to representantar i samarbeidsmøtet for legevakta. Samarbeidsmøtet skal gjennomførast innan 15. juni kvart år. Vertskommunen ved kommunalsjef for helse og omsorg har ansvaret for planlegging og innkalling i god tid før møtetidspunktet.

11.2. Vertskommunen koordinerer budsjettarbeidet og skal kvart år i samband med handsaming av rekneskapen leggje fram rapport for deltakarkommunane.

### **12. Deltakarkommunane sitt ansvar**

12.1. Fastlegen si deltaking i legevakt.

12.1.1. Deltakarkommunane sine fastlegar skal dekkje hovuddelen av vaktene ved Voss interkommunale legevakt. Deltakarkommunane skal syta for at kommunen sine avtalar med fastlegane forpliktar den einskilde lege til å tenestegjere ved Voss interkommunale legevakt, jfr. forskrift om fastlegeordninga i kommunane § 13, samt dei sentrale fastlegeavtalene (ASA 4310 og SFS 2305).

12.1.2. Partane er samde om at det er den einskilde deltakarkommune sitt ansvar å skaffa legar med korrekt kompetanse til å dekkja «sine» vakter ved den interkommunale legevakta; jf. §7 i akuttmedisinforskrifta. Den einskilde samarbeidskommune har rett og plikt til å henta inn andre kompetente legeressursar enn fastlegane i eigen kommune dersom dette er nødvendig for å oppfylla kompetansekravet. Ein eventuell meirkostnad ved ei slik løysing utover ordinær legevaktsløn vert dekka av den aktuelle kommunen. For akutte vakansevakter - det vil seia vakter som vert meld ledige med mindre enn 24 timars varsel eller som blir varsle i den aktuelle helg/høgtid, samarbeider kommunane om ei felles beordringsliste.

12.1.3. Kvar deltakarkommune må straks gje den administrative leiaren ved den interkommunale legevaka melding om tilsettingar av legar, oppseiingar, sjukemeldingar, permisjonar og anna avtala fråvær, vikarar og nye turnuslegar med meir. Kvar deltakarkommune må syta for at legar har gyldig lisens eller autorisasjon som lege, løyve om opphold og politiattest.

### **13. Fastlegars tilgjengeleghet**

13.1. Deltakarkommunane skal syta for at kommunen sine fastlegar har alminneleg god tilgjenge og opningstider i tråd med forskrift og avtalar om fastlegeordning i kommunane.

13.2. Deltakarkommunane skal tilby legevaktordning i eigen kommune i samsvar med kapittel 2 i akuttforskrifta i den tida Voss interkommunale legevakt ikkje er open, jf. pkt. 6 om opningstider.

13.3. Deltakarkommunane skal samarbeida om tiltak som førebyggjer unødig bruk av legevaka for hendingar som fortrinnsvis kan behandlast av fastlegane på dagtid.

13.4. Legekontora i deltakarkommunane skal syta for tilgjengeleg fastlegeverksemد på kvardagane i samband med jul og påske. Ein kan inngå eigne ordningar om utvida opningstid for legevaka i desse dagane etter nærmare avtale mellom partane.



#### **14. Informasjonstiltak**

14.1. Alle deltakarkommunane har i nært samarbeid med vertskommunen sjølvstendig ansvar for å gjøre legevaka sine tenester kjent for eigne innbyggjarar og andre relevante instansar, jf. kommunelova § 4-1.

14.2. Vertskommunen er ansvarleg for at Voss interkommunale legevakt har ei nettside med relevant og oppdatert informasjon.

#### **15. Handsaming av klager frå innbyggjarar/pasientar og informasjonstiltak**

##### **15.1. Klagehandsaming**

15.1.1. Handsaming av klager skal skje etter føresegnehøyre i Forvaltningslova kapittel 6 og Kommunelova §§ 20-5 og 20-6. Vertskommunen er underinstans etter Forvaltningslova sine føresegner, jf. Forvaltningslova § 33, og førestår sakshandsaminga.

15.1.2. Når vertskommunen treff vedtak som kan klagast på etter Forvaltningslova § 28 første ledd, er det den deltakarkommunen som har delegert mynde som er klageinstans, jf. Kommunelova § 20-5.



## 16. Økonomisk oppgjør

16.1. 81 % av kostnadane for legevakta, inkludert administrativ leiing og medisinsk ansvarleg lege for Voss interkommunale legevakt, skal fordelast på deltakarkommunane etter ein kostnadsfordelingsnøkkel lik talet på innbyggjarar pr. 1. januar i rekneskapsåret i deltakarkommunane, dividert på det totale talet på innbyggjarar i den interkommunale legevakta sitt nedslagsområde. 19 % vert fordelt likt på alle deltakande kommunar.

16.2 Kostnadane i samband med felles legevaktsjef i Hardanger og Voss legevaktdistrikt kjem i tillegg, sjå punkt 1.5. Desse kostnadane skal også fordelast på Nye Ullensvang kommune etter kostnadsnøkkelen i punkt 16.1.

## 17. Budsjett

17.1. Vertskommunen utarbeidar utkast til årleg driftsbudsjett for Voss interkommunale legevakt. Budsjettforslaget skal sendast samarbeidskommunane innan 1. september.

17.2. Investeringar og auka driftsutgifter utover normal løns- og prisjustering skal vera godkjent av Samarbeidsforumet for å verta innarbeidd i budsjettutkastet.

17.3. Det er deltakarkommunane som vedtek Voss interkommunale legevakt sitt budsjett. Budsjettet er gyldig når det er vedteke av alle kommunane sine kommunestyre.

17.4. Dersom kommunestyra ikkje vert samde om årsbudsjett for komande år, vert inneverande årsbudsjett lagt til grunn, justert for verknad av lønsoppgjjeret og prisstiging (statsbudsjettets føresetnader), som budsjett for komande år.

17.5. Samarbeidskommunane dekkjer sine deler av utgiftene forskotsvis. Beløpet forfall med ein halvpart 1. februar og 1. august kvart år. Avrekning mot faktiske utgifter vert gjort på same faktura som ovan nemnt, men for halvåret forut.

17.6. Ubrukte midlar vert sett av på fond til bruk etterfølgjande år. Deltakarkommunane får tertialrapport frå vertskommunen som skildrar kostnadsutvikling og prognosar.

Eit eventuelt underskot vert avrekninga mellom deltakarkommunane etter kostnadsfordelingsnøkkelen.

17.7. Ved opphør av samarbeidet, skal innkjøpt lausøyre/inventar og utstyr takserast og fordelast mellom deltakarkommunane etter fordelingsnøkkelen.

## 18. Rekneskap

Vertskommunen fører rekneskap for drifta av Voss interkommunale legevakt. Rekneskapen følgjer føresegnene som gjeld for interkommunalt samarbeid og vert ført som eige rekneskap i vertskommunen sitt driftsrekneskap.

## 19. Økonomirapportering

19.1. Vertskommunen fører rekneskap for samarbeidet. Rekneskapen skal førast slik at korrekt KOSTRA-rapportering vert ivaretake på ein effektiv måte.

19.2. Ansvaret som kvilar på den enkelte kommune om å rapportera informasjon om ressursbruk og tenesteyting til bruk i nasjonale informasjonssystem (KOSTRA, o.a.), vert ikkje endra ved denne avtalen.

19.3. Vertskommunen skal rapportera tertialvis til kommunane. Desse rapporteringane skal gje deltakarkommunane korrekt grunnlag for rapportering til KOSTRA.



Voss herad

**VOS**s<sup>+</sup>  
bygd for sterke opplevingar



## **20. Årsrapport**

- 20.1. Vertskommunen utarbeider årsrapport med relevant statistikk for tenesta.
- 20.2. Årsrapport økonomi pr. 31. desember skal setjast opp med hovudtal, rekneskap mot budsjett og fordeling på kommunane.
- 20.3. Årsrapport vert send alle deltakarkommunane innan 15. februar.

## **21. Årsmelding**

- 21.1. Årsmeldinga må vere i samsvar med føresetnadene i kommunelova § 14-7. Samarbeidsforumet fastset eventuelt nærmere retningsliner for årsmeldinga.
- 21.2. Årsmeldinga skal sendast alle deltakarkommunane innan 15. mars slik at deltakarkommunane kan få med seg relevant informasjon i sine årsmeldingar.
- 21.3. Vertskommunen er vidare ansvarleg for å ivareta samarbeidskommunanes innsyns- og informasjonsbehov.

## **22. Endringar og oppløysing av samarbeidet**

- 22.1. Utviding av samarbeidet  
Vertskommunen utfører forhandlingane med eventuelle nye deltakarar om vilkår for tilslutning til samarbeidet, inkludert kostnadar knytt til eksisterande utstyr.
- 22.2. Oppseiing av og avvikling av samarbeidet
  - 22.2.1. Dersom deltakarane er samde kan samarbeidet avviklast omgåande, jf. Kommunelova § 20-8 fyrste ledd.
  - 22.2.2. Kommunane kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarskap i Voss interkommunale legevakt og krevje seg løyst frå avtalen, jf. Kommunelova § 20-8 andre ledd. Avtalen kan berre seiast opp med verknad etter neste avtaleår.
  - 22.2.3. Ved oppseiing/avvikling vel den enkelte kommune sjølv å overta ansvaret for dei oppgåvane som vert omfatta av samarbeidsordninga.
  - 22.2.4. Ved oppseiing av ein eller fleire deltakarkommunar skal resterande deltakarkommunar avtala korleis plikter og rettar som er fastsett i denne avtalen skal delast mellom dei gjenverande partane.

## **23. Endring av avtalen**

- 23.1. Forslag om endringar i denne avtalen kan verta teke opp til drøfting dersom ein av partane reiser krav om dette.
- 23.2. Endring av avtalen må vedtakast av samlege kommunestyre, jf. kommunelova § 20-4. Endringar i avtalen skal gjerast skriftleg, underteiknast av alle partar og innførast i ein endringsprotokoll til samarbeidsavtalen.

## **24. Misleghald**

Dersom ein av samarbeidskommunane vesentleg mislegheld sine plikter etter denne avtalen, kan dei resterande deltakarkommunane samråystes avgjere at kommunen skal stengjast ute frå



samarbeidet. Dei resterande deltakarkommunane kan då krevje sitt økonomiske tap dekt av den samarbeidskommunen som mislegheld avtalen.

#### **25. Twist**

Twist om avtalen eller om korleis element i avtalen skal verta forstått, skal løysast gjennom forhandlingar mellom partane. Dersom partane ikkje blir samde gjennom forhandlingar skal tvisten avgjerast av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmar oppnemnd av Fylkesmannen i vertskommunen sitt fylke.

#### **26. Kommunestyret si godkjenning**

Det er ein føresetnad for gyldigheita og iverksetjinga til denne avtalen at den er godkjent av kommunestyret i den enkelte deltakarkommune. Avtalen vert ikkje sett i verk før den er akseptert av alle deltakarkommunane.

Denne avtalen er utstett og underteikna i 6 – seks – eksemplar, der partane beheld 1 – eitt – eksemplar kvar.

---

Dato, stad  
Rådmann Voss herad

---

Dato, stad  
Rådmann Ulvik herad

---

Dato, stad  
Rådmann Vaksdal kommune

---

Dato, stad  
Rådmann Eidfjord kommune

---

Dato, stad  
Rådmann Kvam herad

Avtalen er lagt fram for ordførar i Nye Ullensvang kommune for punkta som gjeld felles legevaktsjef i Hardanger og Voss legevaktdistrikt:



Voss herad

---

Dato, stad

Rådmann Nye Ullensvang kommune